

Kva som skal til for å få dei ulike karakterane i norsk skriftleg.

Her kan de sjå kva som skal til for å få dei ulike karakterane i norsk skriftleg til eksamen i 10.klasse. Det er slik at me norsk lærarar tek omsyn til at elevane våre enno ikkje er komne til 10.trinn. Soleis vil me ikkje vurdere dei fullt so strengt som me ville gjort i 10.klasse. Likevel er det viktig for oss at både elevar og føresette veit kva som krevst i 10.klasse.

	Karakteren 2	Karakterane 3 og 4	Karakterane 5 og 6
Første-inntrykk	Eksamenssvaret – kommuniserer til ein viss grad ut frå oppgåvene som er gitt	Eksamenssvaret – kommuniserer ut frå oppgåvene som er gitt	Eksamenssvaret – kommuniserer som heilskap ut frå oppgåvene som er gitt
	Eksamenssvaret – har innhald som til ein viss grad er tilstrekkeleg og relevant for oppgåvene – viser noko forståing av innhaldet i tekstvedlegg, og enkel bruk av kjelder når oppgåvene ber om det – viser noko fagleg kunnskap	Eksamenssvaret – har relevant innhald med ei viss utdjuping – viser ganske god forståing av hovudinnhald og detaljar i tekstvedlegg, og bruk av relevante kjelder – viser ganske god fagleg kunnskap	Eksamenssvaret – har relevant innhald med utdjuping – viser god forståing av hovudinnhald og detaljar i tekstvedlegg, og sjølvstendig bruk av relevante kjelder – belyser tema ved hjelp av fagleg kunnskap
	Eksamenssvaret – er bygd opp med ein viss struktur både på avsnittsnivå og tekstnivå – har enkel eller lite variert tekstbinding – har utforming/layout som til ein viss grad tener formålet med teksten	Eksamenssvaret – er bygd opp med stort sett formålstenleg struktur både på avsnittsnivå og tekstnivå – har formålstenleg tekstbinding – har i stor grad formålstenleg utforming/layout	Eksamenssvaret – er bygd opp med ein klar og formålstenleg struktur både på avsnittsnivå og tekstnivå – har formålstenleg og variert tekstbinding – har formålstenleg utforming/layout
	Eksamenssvaret – viser eit enkelt eller lite variert ordforråd – har forståeleg språkføring og setningsbygning til ein viss grad tilpassa innhald, formål, mottakar og medium – har innslag av faguttrykk eller språklege verkemiddel	Eksamenssvaret – viser ganske god variasjon i ordforrådet – har ganske god språkføring og setningsbygning stort sett tilpassa innhald, formål, mottakar og medium – viser ganske god bruk av faguttrykk eller språklege verkemiddel	Eksamenssvaret – viser eit variert ordforråd – har gjennomført språkføring og setningsbygning tilpassa innhald, formål, mottakar og medium – viser sjølvstendig bruk av faguttrykk eller språklege verkemiddel
Hovudområde i læreplanen for norsk: skriftleg kommunikasjon og språk, litteratur og kultur	Eksamenssvaret – har korrekt rettskriving av høgfrekvente ord og viser korrekt bruk av dei mest sentrale reglane i formverket – viser teiknsetjing som er nødvendig for kommunikasjonen – viser at eleven til ein viss grad kan sitere og referere til kjelder	Eksamenssvaret – har stort sett korrekt rettskriving og viser stort sett korrekt bruk av reglane i formverket – viser stort sett korrekt teiknsetjing – viser at eleven kan sitere og referere til kjelder på ein etterprøvbar måte	Eksamenssvaret – har gjennomgåande korrekt rettskriving og viser gjennomgåande korrekt bruk av reglane i formverket – viser gjennomgåande korrekt teiknsetjing – viser at eleven kan sitere korrekt og referere til kjelder på ein etterprøvbar måte
	Samla vurdering • Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har <i>låg</i> kompetanse i faget.	• Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har <i>nokså god</i> kompetanse i faget. • Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har <i>god</i> kompetanse i faget.	• Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har <i>mykje god</i> kompetanse i faget. • Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har <i>framifrå</i> kompetanse i faget.
Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært <i>låg</i> kompetanse i faget, lågare enn det som er beskrive ovanfor.			

